

Revisjonssak Sundsbarm

Møte på Høydalsmo skule 13.2.2013.

Det var 6 personar til stades på møtet. Det var fleire innspel til revisjonssaka:

Minstevassføring 40 l/s ved E 134 er altfor lite. Restvassføringa i Ofteåi bidreg med mykje, slik at det i periodar ikkje blir slept noko vatn over damterskelen i Hovdetjønna i det heile. Korleis blir minstevassføringskravet kontrollert? Minstevassføringa burde gjelde frå dammen og ikkje heilt nede ved Oftevatn.

Reguleringsmagasinet (Hovdevatn, Ljosdalsvatnet og Bergsvatn) blir fylt for kraftig opp om våren. Høg vasstand gjer at vatnet dreg med seg mykje finstoff som legg seg som eit slamlag i magasinet. Der det tidlegare var rein botn er det nå bare mudder. Frå midten på 1980-talet er kvaliteten på fisken blitt dårlegare, og det tok til å bli mykje makk i fisken.

Oftevatn har grodd kraftig att, og det er nå mange stader vanskeleg å ro. Det blei reist spørsmål om den økologiske tilstanden i vatnet, om overvaking av vasskvaliteten og om overvåkingsprogrammet i det heile. Høydalsmo skule har gjort undersøkingar av vasskvalitet og fisk.

Det har kome tryte i Sundsbarm, via overføringstunnelen frå Nystølvatnet. Kraftverket fekk og skulda for å ha spreidd ørekyt i vassdraget, med settefisk frå Reinsvoll. Genetiske undersøkingar av ørekyta i Tokke-Vinjevassdraget synes i stor grad å frikjenne Statkraft for ansvaret for å ha spreidd ørekyt.

I Dalåi er den tidlegare oppgangen av storaure frå Sundkilen nærast slutt. Oppgangen av sik om hausten stansar nå om lag så langt opp som vasstanden i Sundkilen tillet. Kviteseid jeger og fisk vil bruke skuleelevar til å registrere og samle inn opplysningar om korleis tilstanden var før, kor stor fisken var og kor langt opp han gjekk i åa.

Mange av dei gamle kulpane har forsvunne. Det som er att av vatn samlar seg i ei renne, medan store delar av åa elles ligg tørr. Å få større breidde på vatnet i elva er viktig. Det bør stillast krav om at regulanten bestiller ein plan for fysiske tiltak som kan betre fiskebiotopen i åløpet.

Det var ønskje om meir vassføring i Dalåi. Auka vassføring kan utnyttast i 5 elvekraftverk mellom Flåvatn og Norsjø.

Betre informasjon og dialog med Midtre Telemark vassområde blei etterlyst. Det blei lova ein open prosess. Dokument og møteterferat vil bli lagt ut på heimesidene til kommunane. Det vil også bli informert via e-post.

Helge Kiland